

GJENNOM EIN MUR AV LYS

Gjennom ein mur av lys E-A
Kjempar dei seg fram E-A
Gjennom ein mur av lys A-E-A
I hav og ørkensand A-H
I natt og gjørmedammar A-E-A
Gjennom ein mur av lys E-g#-A

Livet blir sålda E-A
Gjennom gitter av glas E-A
Det raude er blod E-A
Det grøne er gras A-H
Det gule er ørken E-A
Skapt av beitinga og tørken E-A
I mørket står dei som har gått E-A-H

Gjennom ein mur av lys
Kjempar dei seg fram
Gjennom ein mur av lys
I hav og ørkensand
I natt og gjørmedammar
Gjennom ein mur av lys

Menneskeskjebnar
Ser vi, tårer og sorg
Ser menneskeliv
Til sals på eit torg
Og fjerne stasjonar
Skaper nye illusjonar
Eit avtrykk av dei som har gått

Gjennom ein mur av lys
Kjempar dei seg fram
Gjennom ein mur av lys
I hav og ørkensand
I natt og gjørmedammar
Gjennom ein mur av lys

I lykteskinet
Alle nøklar er vekk
Ein flimrande rus
I falmande blekk
Der alt blir til bilde
Vi kan fange, viss vi vil det
Vi ser berre dei som har gått

Gjennom ein mur av lys
Kjempar dei seg fram
Gjennom ein mur av lys
I hav og ørkensand
I natt og gjørmedammar
Gjennom ein mur av lys

og93

